



Mattedagen var vellukka, er konklusjonen. Her løyser ein trio oppgåver saman (Foto: Nettavisa til oppvekstsenteret)..

**Heile skulen og skulekameratane i barnehagen (dei som begynner i skulen til hausten) hadde praktisk matte tysdag, melder nettavisa til oppvekstsenteret.**

**Dei delte seg inn i tre aldersgrupper, barnehagen og 1.klasse, 2.- 4.klasse og 5.-7.klasse.**

**Desse gruppene delte dei igjen inn i aldersblanda grupper.**

**Dagen vart bra, lyder konklusjonen.**

**Nettavisa held fram:**

"2.-4.klasse hadde aktivitetar i hallen der vi hoppa tau på tid og målte gjennomsnittet. Her kasta vi og på blink og rekna poeng.

Vidare laga vi pyramidar og terningar med piperensarar, for så å putte dei i såpevatn og lage 3d såpefigurar og bobler. Her var det og grublisar rundt fargekombinasjonar. Det vart brukt tangram for å lage ulike bilete med ulike geometriske former.

Den siste aktiviteten var klomse, det er eit spel for to, der deltakarane startar med 10 knappar kvar og skal med list og kløkt få tak i alle knappane.

Elevane såg ut til å trivast saman på tvers av klassane. Dei samarbeidde godt og fekk løyst mange oppgåver. Det var ei fin avveksling frå den vanlege undervisninga", sluttar rapporten frå mattedagen.